

# Sak a – Framlegg til vedtektsendringar

## Bakgrunn:

Med bakgrunn i av avvik mellom salspris etter §15 i vedtektene, og prismodell for vidaresal er det behov for å endre praksis for verdsetting av båtplass.

## Utgreiing:

- Dei siste åra har konsumprisindeksen auka vesentleg meir enn tidlegare år. Med dagens prismodell går SSL i tap ved sal enkelte plassar. Noko av forklaringa er at modellen ikkje har vore justert i samsvar med konsumprisindeksen. Modellen består av fleire ulike priselement, og det er ikkje nedfelt eller etablert nokon praksis for korleis den skal justerast.
- Styret føresler difor at det vert etablert ein ny modell som skal gjelde for både kjøp og sal av plass. Det vil seie at ein båtplass alltid har same prisen for både kjøpar og seljar. **Kvart år skal styret legge fram forslag til justering av satsar i modellen som vert vedteke av årsmøtet.**
- Denne endringa vil forenkle prosessen med kjøp og sal av plassar vesentleg. Det sikrar også betre kontinuitet i styret ved utskifting styremedlemmar.
- Tilstanden og alder på anlegget tilseier at prisen ikkje nødvendigvis skal følgje konsumprisindeksen. Tilbod og etterspørsel kan også vere med å påverke pris.
- Paragraf 9 og 15 i vedtektene er berørt av denne endringa og må justerast.
- Det er i tillegg lagt fram eit forslag om å ta vekk bestemmelsen i § 15 om fritt sal av båtplass. Dette med bakgrunn i at det er utfordrande for SSL å selje vidare ein plass når prisen ikkje er kjent. I tillegg bør det vere eit kontraktsforhold mellom samtlege eigarar av båtplassar og SSL.

## Framlegg til vedtak:

Paragraf 9 og 15 i vedtektene for Sandane Småbåtlag vert endra til følgande:

# Framlegg til vedtak

Paragraf 9 og 15 i vedtektene for Sandane Småbåtlag vert endra til følgande:

## § 9 - Før endring

- Årsmøtet skal handsame:
- Årsmelding
- Revidert rekneskap
- Budsjett
- Årskontingent
- Hamneavgift
- Innkomne forslag

Val av styre: I styret sit 5 personar + 2 varamenn. Samtlege blir valde for 2 år. Årsmøtet vel formann, sekretær, kasserer, hamnesjef, styremedlem og varamenn. Dersom SSL har dellag, skal formennene i desse sitje som medlemmer i styret. Vala blir gjort slik at minst to medlemmer blir sitjande igjen i styret. Årsmøtet vel også revisor og valnemnd på 2 personar. Desse har ei funksjonstid på 1 år. Medlemmer av styret, revisor og valnemnd kan ikkje veljast utan å ha vore spurde på førehand og gjeve samtykke.

## § 9 - Etter endring

- Årsmøtet skal handsame:
- Årsmelding
- Revidert rekneskap
- Budsjett
- Årskontingent
- Hamneavgift
- Sats for verdsetting av båtplass
- Innkomne forslag

Val av styre: I styret sit 5 personar + 2 varamenn. Samtlege blir valde for 2 år. Årsmøtet vel formann, sekretær, kasserer, hamnesjef, styremedlem og varamenn. Dersom SSL har dellag, skal formennene i desse sitje som medlemmer i styret. Vala blir gjort slik at minst to medlemmer blir sitjande igjen i styret. Årsmøtet vel også revisor og valnemnd på 2 personar. Desse har ei funksjonstid på 1 år. Medlemmer av styret, revisor og valnemnd kan ikkje veljast utan å ha vore spurde på førehand og gjeve samtykke.

## **§ 15 - Før endring:**

Dersom eit medlem ønskjer å selje båtlassen sin i hamna, skal seljar gjeve styret skriftleg melding om dette. SSL har forkjøpsrett og kjøper plassen til maksimum kostpris, det vil seie til seljar sitt maksimale innskot i hamna, men med kompensasjon for prisvekst i samsvar med konsumprisindeksen.

SSL bestemmer salssummen og syter for at plassen blir seld vidare. Seljar får utbetalt sitt tilgodehavande når plassen er vidareseid. Dersom SSL ikkje har selt plassen vidare innan 6 månader etter at seljar har gjort kjent ønskje om sal, kan seljar fritt selje plassen. Ved fritt sal pliktar seljar skriftleg å informere styret om kjøpar sitt namn og adresse.

## **§ 15 - Etter endring:**

Dersom eit medlem ønskjer å selje båtlassen sin i hamna, skal seljar gjeve styret skriftleg melding om dette. SSL har forkjøpsrett og kjøper plassen etter gjeldande sats for båtlass.

SSL sel plassen vidare til same pris og seljar får utbetalt sitt tilgodehavande når plassen er vidareseid. SSL kan kjøpe ein båtlass til ein lågare pris enn gjeldande sats dersom det er tenleg for SSL. Gjeldande sats for båtlass vert årleg justert og vedteke av årsmøtet.

# Ny prismodell (til orientering)

<b>Tekst</b>	<b>Str.</b>	<b>Pris</b>	<b>Sum</b>
Grunnavgift anlegg/molo	1	30 000 kr	30 000 kr
Breidde mellom utriggarar (lysåpning)	250	80 kr	20 000 kr
Einingspris Utriggar og fortøyningsbom <b>6 m</b> (deler m nabo)	1	11 500 kr	11 500 kr
<b><u>TOTALT:</u></b>			61 500 kr

<b>Tekst</b>	<b>Str.</b>	<b>Pris</b>	<b>Sum</b>
Grunnavgift anlegg/molo	1	30 000 kr	30 000 kr
Breidde mellom utriggarar (lysåpning)	300	80 kr	24 000 kr
Einingspris Utriggar og fortøyningsbom <b>8 m</b> (deler m nabo)	1	17 500 kr	17 500 kr
<b><u>TOTALT:</u></b>			71 500 kr

<b>Tekst</b>	<b>Str.</b>	<b>Pris</b>	<b>Sum</b>
Grunnavgift anlegg/molo	1	30 000 kr	30 000 kr
Breidde mellom utriggarar (lysåpning)	400	80 kr	32 000 kr
Einingspris Utriggar og fortøyningsbom <b>10 m</b> (deler m nabo)	1	25 000 kr	25 000 kr
<b><u>TOTALT:</u></b>			87 000 kr